



## Nissedal kommune

### Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykker ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/1112-5	Reidun Carol Retterholt, 35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	25.11.2019

### Referat frå møte i SMU - 18.11.19

—

Desse møtte:

Elevrepresentantar: Christopher Løyte og Hannah E. Grimstveit

FAU-representant: Katrin Mei Houthuizen

Representant for andre tilsette: Kate I. Bergland

Politisk representant: Bjarne Reime

For kommunen: Rektor Reidun C. Retterholt

Lærarrepresentantar: Gunnhild B. Rieber-Mohn og Bjørn Leirvik

Rektor ynskte velkommen og leia møtet.

#### SAKLISTE:

- Skolemiljø-status og oppsummering sosiogram/Spekter.  
Elevrepresentant uttalar at det burde vore fleire alternativ på nokre av spørsmåla, skrive fleire enn tre namn t.d. Rektor nemner at undersøkinga er laga for å kunne arbeide konkret med klassemiljøet i dei einskilde klassene. Og at det kan vere lettare for elevar å fortelje om vanskelege ting når dei ikkje sit ansikt til ansikt med ein lærar.  
Lærarrepresentant fortel at det er gode erfaringar med å gå gjennom einskildsvar med elevar i etterkant. Rektor vil minne kontaktlærarar om kor viktig det er å følgje opp undersøkinga i ettertid. Ho peikar også på at Arendal kommune har blitt nekta å bruke Spekter av Datatilsynet, men dette er grunngjeve med därlege lagringsrutinar der, det er annleis i Nissedal, svara blir sletta etter få veker.  
Elevrepresentantar meiner skolemiljøet generelt er godt. Lærarrepresentant trekkjer fram at arbeidet til miljøarbeider ser ut til å ha effekt, og at det er meir aktive elevar i friminutta enn for nokre år sidan. Fleire i utvalet har same inntrykk. Elevrepresentant vil gjerne ha avsett eige område til snøballkasting og «dynking», ballbingen er eit område dei ser for seg. Reidun lover å undersøke kva ein kan få til.
- Informasjon om brukarundersøkingar.  
Elevundersøkinga er lagt til 7. og 10. klasse. Foreldreundersøkinga vert gjennomført kvart fjerde år.
- Oppfølging av budsjett  
Rektor peikar på trонge økonomiske rammer i året so kjem.  
Ho meiner auka stillingsheimel til miljøarbeider er usikker.

- Saker frå FAU:
  - Språkbruk: FAU arbeider vidare med saken, klassekontaktar tek det vidare i kvar sine foreldregrupper. Lærarar må på si side halde fram med å slå ned på stygg språkbruk. Naturlegvis litt forskjellige oppfatningar om kvar grensene skal gå. Fleire i utvalet peikar på at banning aukar i samfunnet generelt, dette gjer det lettare for elevane å få «språklege uvanar».
  - 17. mai-rutinar. Foreldrerepresentantane har snakka om at det trengst betre rutinar for overlevering av info vedr. ulike sider ved arrangementet, t.d. om leikane. Nokre gonger kan representantar for 17. mai-komiteen følt at det var upassande å ringje skulen med spørsmål. Rektor poengterer at foreldra aldri må vere redde for å ringje. Foreldrerepresentant refererer til at dei har snakka om at det bør vere nok at leiar i kvar underkomité ringjer skulen. Dei er og samde om at det bør skrivast eit referat som kan overleverast komande års komité.
  - Sentrumsordninga for 10. klasse.  
Foreldre veit at nokre elevar har handla for yngre. Klassekontakt 10. klasse har orientert i eiga foreldregruppe om kva foreldra ynskjer med ordninga. Rektor minner om at det er foreldra som avgjer om dei ynskjer ordninga innført for si elevgruppe, men skulen sitt ordensreglement set rammene. Dette bør vere ei god øving i fridomen og hybellivet som ventar for dei fleste komande skuleår.  
Foreldrerepresentant minner om at så lenge elevane følgjer reglane er dette uproblematisk.
  - Joleball. FAU-representant spør om skulen sine rutinar, rektor svarer at dei er dei same som i fjar. FAU-representant meiner det er behov for fleire vaksne både på kjøkkenet, og til ryddinga etterpå.  
Rektor minner om at «kåringar», både kriteria og namna, skal godkjennast av ho. Elevrepresentant hevdar at det kan vere sårt å vere nominert utan å få prisar.  
Lærarrepresentant meiner det gjerne er slik at jo fleire prisar det er, og jo fleire som får, jo verre er det ikkje å få i det heile. Foreldrerepresentant meiner at alle prisar bør byggje på referansar som er tydeleg positive, ho minner om konkrete døme på uheldige kåringar i fjar. Lærarrepresentant meiner det bør vere alle vaksne si simple plikt å gripe inn viss arrangerande klasse går ut over det som er avtalt. Rektor understrekar enda ein gong at alt skal godkjennast av ho. Rektor meiner dessutan elevar treng lære seg å takle at verda er slik at ikkje alle får prisar...

Eventuelt: Ingen saker

Referent: Bjørn Leirvik

Med helsing

Reidun Carol Retterholt  
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*